



Fem kommunar i Vest-Telemark søker etter

**Psykologspesialist eller psykolog med ynskje om spesialisering innan klinisk samfunns –og allmennpsykologi**

Som følgje av nasjonal satsing innan psykisk helse og rus er det oppretta to 100% psykologstillingar i regionen.

Vest-Telemarkkommunane er utviklingsorienterte og søker etter psykologar som vil vera med i utviklinga av tenestene. Kommune har definert barn og unge som særskilde satsingsområde.

Det vert lagt vekt på fylgjande arbeidsområde for psykologstillingane:

- Tverrfagleg arbeid, både primærførebyggjande og oppfølging i enkelt saker
- Rettleiing av faggrupper/ profesjonar
- Klinisk arbeid

Prioritering og organisering av arbeidet vil føregå i dialog mellom dei psykologane som blir tilsett og kommunane, og vera forankra i samarbeidsavtale mellom kommunane i regionen.

Psykologane vil få tilbod om kompetanseutvikling og deltaking i lokale fagnettverk, enten i regi av spesialisthelsetenesta og/ eller psykologar i andre kommunar, samt rettleiing, individuelt eller i gruppe. Det vert gjeve konkurransedyktig løn og medlemskap i kommunal pensjonsordning. Dersom søkjar ikkje har gjennomført spesialisering, vil det ved tilsetjing bli lagt til rette for spesialisering innan klinisk samfunns –og allmennpsykologi.

Søkjar må ha førarkort og disponere bil. Det er krav om politiattest før tilsetjing.

For meir informasjon om stillingane kontakt samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland [samhandling@seljord.kommune.no](mailto:samhandling@seljord.kommune.no) tlf.99 53 95 15

Informasjon om kommunane i regionen er tilgjengeleg på [www.fyresdal.kommune.no](http://www.fyresdal.kommune.no)  
[www.kviteseid.kommune.no](http://www.kviteseid.kommune.no) [www.nissedal.kommune.no](http://www.nissedal.kommune.no) [www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no)  
[www.tokke.kommune.no](http://www.tokke.kommune.no)

Søknad sendast [post@kviteseid.kommune.no](mailto:post@kviteseid.kommune.no) innan 23.04.19.

Velkommen som søkjar!